

## **Forelegging av tiltak på Nordbø i Radøy kommune etter BKK Nett AS sin områdekonsesjon**

Denne foreleggninga gjeld etablering av anlegg innanfor ramma av områdekonsesjonen BKK Nett AS. Etter vilkår i konsesjonen skal planen for nyanlegg foreleggast kommunen, fylkesmannen, fylkeskommunen, grunneigarar og andre berørte partar.

Foreleggninga gjeld eit høgspenningsanlegg på Nordbø i Radøy kommune. Anlegget omfattar både jordkabel og etablering av ny nettstasjon.

### **Grunngjeving for tiltak:**

I forbindelse med etableringa av nye Bø barnehage, må vi erstatte eksisterande nettstasjon 26017 Hordabøheimen med ein ny nettstasjon, da NS 26017 blir for liten. Tiltaket er nødvendig for at BKK skal kunna imøtekomme krav til leveringstryggleik og kvalitet.

### **Anleggstype og plassering av tiltaket:**

Det vert etablert ny nettstasjon av typen SiNett 1250 I spesial L=3,9m og B= 2,3m på Nordbø Gnr. 24 bnr. 103. Eksisterande høgspenkabel blir flyttet frå NS 26017 og inn i ny nettstasjon 26020. Sjå vedlagt kart.

### **Tilhøve til eksisterande planar:**

Tiltaket ligg innanfor Naturområde – grønnstruktur (GN) i plankartet for reguleringsplanen, saknr. 17/1990 PlanID 1260 2017 0009 00.

### **Omsyn til konsekvensar for miljø og arealbruk:**

Planlagt jordkabel har eit byggeforbudsbelte på 3 meter, 1,5 meter ut til kvar side frå senter kabeltrase. Framtidig bebyggelse nærare nettstasjonen enn 5 meter må avtalast med BKK Nett. Kortare avstand krev spesielle brannforebyggjande tiltak.

Det finst ikkje registrerte kulturminne i nærleiken av tiltaket.

### **Alternative løysingar:**

Det er ingen andre alternative løysingar.

### **Grunnavtalar / nabovarsling:**

BKK Nett er i dialog med grunneigarar, og har innhenta erklæring frå grunneigarar. BKK Nett reknar med å få i stand minnelege avtalar.

### **Uttale frå andre myndigheiter:**

Det ligg ikkje føre andre opplysningar om tiltaket.

**Grunneigarar:**

G.nr	B.nr	Namn:	Adresse:	Postnummer:	Poststad:
24	103	Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	Manger

**Distribusjonsliste offentlege:**

Namn:	Adresse:	Postnummer:	Poststad:
Hordaland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Fylkesmannen i Vestland	Statens hus, Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	Manger

**Kontaktpersonar BKK Nett AS:**

Eirik Mjelde, tlf.: 55 12 80 93, e-post: [Eirik.Mjelde@bkk.no](mailto:Eirik.Mjelde@bkk.no)

Frode Sandvik, tlf.: 55 12 72 97, e-post: [Frode.Sandvik@bkk.no](mailto:Frode.Sandvik@bkk.no)

**Vedlegg:**

1. 319990 - Traseplan
2. SiNett 1250 I Spesial
3. Erklæring om grunn for nettstasjon.